Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Bordskikk til kvardags

Oppskr. av: Per Kjønsberg

(adresse): Sørskogbyggda

Fylke: Hedmark

Herad: Elverum

Bygdelag: Sørskogbyggda

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her i Elverum, på alle gardar et arbeidsfolket på kjøkenet.
Ein sat ved langbordet til alle måltider.
2. Det var ulikt. På storgardane sat sjølvefolka, anten ved eit anna bord eller og i stua. På mindre gardar, der husbondsfolka tok del i gardsarbeidet, sat alle ved langbordet på kjøkenet.
Desse skikkane held seg ennå.
3. Alle „får seg mat" samstundes, dersom det høver med arbeidstida.
4. På mange av storgardane fekk husbondsfolka både betre og meir mat enn tenarar. På andre åt dei på kvar sin stad, men av same maten.
På mindre gardar åt alle av same slag mat
5. Det vanlege er at familien et på kjøkenet til kvardags, men på storgardane alltid i stua.
6. Julekvelden var det vanleg at alle fekk eta i stua – på storgardane og.
Det er ikkje heilt faste skikkar meir, og har truleg alltid dei siste 150 åra

6035

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vori skilnad på store og små gardar.

7. Dersom husbondsfolka åt på kjøkenet, var det alltid slik at husbonden sat ved bordenden og kona til venstre for han.

Dinast faste tenarar, [illegible], så onnfolka.
8. I gamle tider stod borna ved bordet, serleg i heimane hjå småkårs folk, til dei var omlag 12 år gamle. Dette er lenge sidan slutt nå, sist sett kring 1900.

9. I stua på Nordby i Nordskogbygda var det måla dekorasjonar på veggen i hyrna. Det skulle vera högsete, fortalde dei. Denne stua er frå 1660. (Er visst nå på Glomdalsmuseet)
Dei fleste gamle våningshusa hadde berre stue og kove (kåovå) og dei var alle i stua om dogen, både med matlaging og arbeid – og dei åt der. Nå höyrer ein aldri folk nemne högsetet.

10. Husbonden sit gjerne ved bordenden. Elles får dei andre sitja kvar dei vil, men det er sömeleg å halda same plassen til kvar tid.

11. Før vaska dei ikkje hendene utan når dei dreiv med slikt arbeid at det var heilt naudsynt, t.d. potetgraving, gjødselköyring og anna "lortarbeid".
Handvasken har komi i bruk litt etter kvart frå 1900. Men ein finn ennå arbeidsfolk som ikkje vaskar seg serleg, i alle fall ikkje med såpe i vatnet.
Gamle folk minnest ikkje at nokon fekk sitja med lua på ved matbordet, ikkje på gardane i alle fall.

12. Dei åt både graut, mjølk og suppe av same fat eller skål. Var det mange til bord, laut det vera fleire graut-trau

3

og mjølkskåler, men fleire åt or kvartkjerald. Etter 1900 vart det etter kvart-tallerkar, ein åt kvar. Dette kan ein segja har vorti gjenomførd heilt etter 1910-15. Her i bygda vart det vanlege djupe tallerkar til all flytande mat, og ein åt mjølk med skei. I eldre tid tok ein graut og duppa i „soms" mjølkskål. Nå får ein grauten på tallerken frå gryta og „heller-på" mjølk or mugge - litt om senn ardi ein ikkje får rom åt stort frå fyrsten.
Det ser ut som det ikkje har vori brukeleg å drikka mjølk til graut på lange tider attende. Likevel har folk sjølsagt drukki mjølk attåt visse slag mat, i eldre tid or trekoppar av bjørk og ofte fleire om koppen eller skåla. Dette har vori lite brukt etter 1880. Skikken heldt seg lengst på setrane. Hesteleitarar og andre framande skulle alltid ha „mjølk-å-drikkå" når dei kom. Dei fekk alltid mjølk or ei stor treskål, „mjølkskåla". Har sett det i 1899.
13. Ein kan ikkje finna at gryta har vori sett på bordet, men fleskepanna kom på bordet. Ein sette henne på ein pannring av tre. Ringen var av ymse form og slag. Sume var av jarntråd (i seinare tid) Dei fleste var av tre, mange ihopsette av små treknottar, slik at den eine var last fast i den andre ringen rundt. Dei fleste var berre ei flat lita fjøl, svart av sot på eine sida etter sotet frå panna. Var det tilfeldige framande, grannar eller skyldfolk frå næerleiken, gjorde ein ikkje stor skilnad. Dei åt ofte som til vanleg

6035

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
6035

kvardags på garden. Var det lang framande, fekk dei mat inne i stua saman med husbonden. Då laut det vera tallerkar.

14. Gamalt la dei silda mellom flattbrødstykke like eins annan småfisk. Ein skar av eit stykke tvert over silda, med beinet i og la det på eit lite brødstykke, la eit anna over og tok så heile biten i munnen. Til sist tok ein og det brødstykket som silda låg på og åt opp – med sild mellom stykka.
Desse „bøtå"a laga ein til etter som ein åt.
Silda vart sett på bordet i sildtrauget, eit lite traug som vart brukt berre til dette.
I austre Elverum og Osen sette dei fram silda i „sildtrós", ein stor trekopp med skaft.

15. I Elverum tek ein sukkerbiten i munnen den dag i dag når ein drikk kaffi.

16. I eldre tid drakk ein av skåla til kvardags, ikkje elles. Nå drikk ein alltid av koppen. Det var ikkje god skikk å drikka av skåla.

17 Til kvardags var det sjeldan gaffel fyre 1890. Etter 1910 kom han i bruk på kjøkena i storgardane og – Dei var sist i dette høve. Nå brukar ein gaffel, sjølv i tømmerkoiene

18. Var det kjøtt eller flesk, brukte mennene ofte „teljekniven", kvinnene ein heimsmidd bordkniv, som ofte kunne vera ganske kvass.

19. Kvar hadde si skei med fyrebokstav på baksida av skaftet. Gamalt sleikte av skeia godt og sette ho so i ei sprunge i veggen. Seinare vaska dei skeiene og la dei i „skeikorgå" i kjøkenbenken – Etter 1880-90.

20. Steintøy kom i bruk i 90-åra, og var

4

gjenomførd kring 1910-15. Føre den tida la ein kjøtt, flesk og fisk på ein tjukk brødbit som ein åt til slutt. Til mjølk og suppemat nytta ein anten små trau eller treskåler. Siste spørsmål, sjå 12.

21. Borddúk vart aldri brukt. Nå bruker ein til kvardags voksduk. Det har komi i bruk frå 1930. Ikkje alle har det ennå. Voksduken ligg på bordet millom måltida. I stuene på storgardane brukar dei helst linduk som vert teken av.

22. Dei fleste bord er måla. I gamal tid var dei det ikkje på „bordplåta".

23. På mindre gardar vart maten sjeldan utskift i manns minne, men truleg gjorde dei det mest over alt i fyrste luten av 1800-talet. På storgardane vart maten utskift, mange stader så seint som 1915. Men husbondsfolka her åt oftast for seg sjølve i stua. Der var ikkje tale om skifting. Den tida dei „skifte" ut maten på smågardane, fekk husfaren fyrst og så borna etter alder, så tenarane. Dei „skifte" maten.

24. Smør og ost vart utskift lenge etter dei hadde slutta skifta annan mat, slikt som stomp" (potetlompe) flatbrød og „kaku".

"25. Det var slik at karane og ungguter fekk mest. Kvinnene trong mindre

26. Korleis det var gamalt med dette får ein ikkje vita noko om. Nå er det så at så snart borna lærer å bruka skei, får dei sitja ved bordet og greia seg sjølve, men dei får ikkje ta som dei sjølve vil. Faren ser etter dei dersom han er heime.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6035

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
6035

Elles kan det vera mora og eldre sysken.

27. Heilt til 1900 togg dei maten til småbarna, sume stader.

28. Ein kan ikkje finne at dei har lesi fyre maten, dei fleste, i manns minne.
I seinare er det meir ålment, men ikkje fast skikk. Det er barna som les.
Ein gjer det ofte når presten kjem på vitjing. Elles er det ymse.

29. Dei tala nok om dei fleste emne ved bordet, men alltid litt högtidsamt. Dette er så nå og. Ikkje berre husbonden tala, men han hadde nok ordet fyrst og framst.

30. Ein måtte ikkje föra stygt prat, ein kunne le men ikkje „storle". (Inkje ordtak)

31. Å synge med ein åt vart aldri told. Det kunne berre ungar finna på. Ordtak: „Mannen visste ikkje kjerringa var galen fyrr ho song med' ho åt."

32. Ein gjekk ikkje frå bordet för husbonden riste seg. Då var alle ferduge og.

33. Ein takka alltid husbondsfolka for maten.

34. Dei gamle sa noko, men folk veit ikkje kva det var. Dei trur ikkje det var: „Signe maten!"

35. Kom det framand före ein gjekk til bords, laut han vera med. Han kunne nok verta spurd om han kom seinare og, men det var ikkje skikk å trenga seg inn midt i måltidet.

36. Langvegsframande får mat millom „måla".

37. Det vart ofte litt ekstra mat då, slik no og.

38. Alltid kaffi för, ikkje så ofte nå.

39. Den framande et alltid i stua om han er „i puss" saman med husfaren. 40. Ein skal „late seg by".

41. Gjesten må ikkje vera åleine. Ein set seg litt ünna bordet med sida til gjesten.